

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 18/2557-16

## **Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - oppfølging av vedtak i FT-sak 1/19**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport datert 31. august 2019 etter oppfølging av forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer arbeidet som er gjort så langt til å vere grundig
3. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg rapport innan 5. november 2019 med status for dei oppgåvene som ikkje er ferdige

### **Vedlegg:**

- Rapport frå fylkesrådmannen datert 31. august 2019 m/vedlegg

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok 24. april i år følgjande i FT-sak 1/19:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare
  - b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde
  - c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:
    - i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar
    - ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar
    - iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regleverk og organisering
    - iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskeidar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
    - v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring

1. I høve vald og truslar om vald
  2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast
  3. Verneombod og leiarar
- vi. Syte for at frikjøpsordninga blir vurdert. Dette for at vernetenesta skal kunne ivareta si rolle.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune
    - a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
    - b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
    - c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
    - d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene
  4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet

Sekretariatet for kontrollutvalet mottok rapport på status og vidare framdrift 31. august 2019.

## **2. Vurderingar**

Fylkesrådmannen viser i rapporten eit omfattande arbeid som har blitt gjort med oppfølging av rapporten.

Innleiingsvis omtalar fylkesrådmannen pkt. 2c.vi., der det vert vist til at frikjøpsordninga er vurdert, og at fylkesrådmannen har konkludert med at gjeldande regelverk i verneorganisasjonen bør stå fast.

Dei øvrige punkta vert delt i tre linjer, der linje ein er allereie iverksette tiltak, linje to er bestilling av tiltak i organisasjonen som er forankra i dei lokale arbeidsmiljøutvala (LAMU), og linje tre er tiltak for den nye Vestland fylkeskommune.

Linje ein-tiltaka gjeld vald og truslar. Det er litt uklart i kva grad fylkesrådmannen svarar på underpunkta til pkt 2c i fylkestingsvedtaket. Kontrollutvalet bør her vurdere klargjering av svara, dersom dette ikkje kjem fram i møtet.

Linje to-tiltaka vart sett i gang med brev frå fylkesrådmannen til einingane/LAMU datert 21. juni. Dette betyr at dette ikkje vert behandla i LAMU før etter sommaren, altså no i haust. Stikkord for kva som skal vurderast er:

- Rolla til fylkeshovudverneombodet (FHVO)
- Definisjon av verneområde og med det tal verneombod
- Tidsressursar til verneomboda
- Behov for nyval
- Opplæringsbehov

Dette vil vere å sjå på som ein handlingsplan for dei fleste område, då det ikkje ved utsending av denne saka står igjen oppfølging av desse punkta.

Rolla til FHVO er, iflg. notatet frå fylkesrådmannen 21. juni (vedlegg D) lagt ut på intranettsida til fylkeskommunen, og fylkesrådmannen ber i nemnde notat organisasjonen gjere seg kjend med rolla som FHVO har.

Det er sendt bestilling frå opplæringsavdelinga til dei vidaregåande skulane der fylkesdirektøren ber rektorane sørge for nødvendig opplæring og øving i førebygging og handtering av vald- og trusselsituasjonar (vedlegg E). Temaet vil iflg. notatet bli sett på programmet til den planlagde samlinga for miljøarbeidarar/elevassistentar hausten 2019.

Linje tre-tiltaka er tiltak som fylkesrådmannen vurderer som tema for Vestland fylkeskommune. Dette gjeld revisjon av malar og nye verktøy innan forvaltning og HMT-arbeidet. Det er gjort god greie for status for oppfølging av underpunkta til punkt 3 i fylkestingsvedtaket med unntak av 3c. Kontrollutvalet bør etterspørje oppfylginga her dersom dette ikkje vert svart på i møtet.

I rapporten frå Deloitte AS kom det fram at det mangla verneombod i eit av verneområda, og revisor tilrådde dermed at fylkeskommunen burde finne årsaka til dette og sikre at verneombod vert valt. Dette gjeld pkt. 2b i fylkestinget sitt vedtak. Sekretariatet kan ikkje sjå at dette er med i oppfølgingsrapporten frå fylkesrådmannen.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser i rapporten datert 31. august ei omfattande oppfølging. Det er likevel ein del oppfølgingsarbeid som gjenstår, og kontrollutvalet bør be om ein ny statusrapport for behandling i møtet 19. november.